



Nordfjordeid, 23.desember 2014

FJORDVARMENYTT

Kjære kundar! Her kjem juleavisa vår!

Informasjon om drifta av fjordvarmeanlegget

Statistikk og økonomi:

Det er no 50 varmpumper i drift i fjordvarmeanlegget. I tillegg er det 3 kundar som berre brukar kjøling. Samla oppvarma eller kjølt areal er på ca. 84.000 m². I tillegg kjem også undervarme til Eid idrettspark. Energi frå varmpumpene hos kundane utgjer årleg rundt 9.400.000 kWh. Av dette vert om lag 6.300.000 kWh henta frå sjøen. I tillegg blir det nytta om lag 1.300.000 kWh kjøling. For dette betalar kundane samla om lag kr 1.350.000 eks mva. Dette tilsvarar i snitt 21 øre eks. mva pr. kWh for varme, eller 18 øre eks. mva. pr. kWh for varme+ kjøling.

Fjordvarme AS fastset årleg prisen på energileveransen basert på sjølvkost. For 2015 vert prisen kr 17,00 pr. m² BRA. Det er same pris som i 2013 og 2014. Det grunn til å tru at vil prisen halde seg stabil også i åra som kjem.

Tidlegare års underskot på sjølvkostområdet i Fjordvarme AS vart nedbetalt i 2013. Nedbetaling av underdekning i Eid kommune starta i 2012 og vil halde fram til 2016. I denne perioden vil det også bli bygd opp eit sjølvkostfond i Fjordvarme AS på kr 500.000 til vedlikehald.

Kapasitet og teknisk godkjenning:

I samarbeid med kundane foreslår vi tiltak for å betre drifta av fjordvarmeanlegget. Vi nærmar oss kapasitetsgrensa til anlegget og det er behov for å redusere vassforbruket hos nokre kundar for å gje rom for så mange kundar som anlegget er planlagt for. Eid Fjordvarme KF vurderer i tillegg å auke kapasiteten ved å etablere eit nytt inntak for ein del av sentrum. Tidspunktet for dette blir koordinert med ny utbygging på Nordøyane.

For nye kundar har vi no ei teknisk godkjenning av varmpumpeanlegget, for å unngå feil og uheldige løysingar i dei nye anlegga.

Driftskontroll hos kundane

I samarbeid med Ole Ivar Brekke vert det gjennomført kontroll av drifta hos kundane. Vårt ønske er at fjordvarmeanlegget skal fungere best mogeleg for alle kundane, både teknisk, økonomisk og miljømessig. Vi kjem til å følgje opp dette arbeidet fortløpande.

Dei fleste varmpumpeanlegga hos kundane fungerer bra, men på nokre anlegg har ikkje vore drifta vore god nok av ulike årsaker.

Vi tilbyr difor også hjelp til driftsoppfølging av varme- og kjøleanlegga hos kundar for dei som ikkje har nok kompetanse eller tid til å ta seg av dette. Vi har investert i måleutstyr og samarbeider med Ole Ivar Brekke om tilsyn etter avtalt frekvens. Vi følgjer opp tiltak som bør gjennomførast i samråd med byggeigar. Pr. dato har vi avtale med 9 av kundane.

Vedlikehald og stabilitet:

I 2014 har drifta vore stabil. Nokre straumutfall har ført til kortvarige stopp. I vekslarhuset har vi skifta ut ein del utstyr som er utsett for korrosjon frå sjøvatt.

Informasjon om drifta av naturgassanlegget

Historikk, statistikk og økonomi:

Forsyningsanlegget for naturgass i Øyane vart bygd opp og sett i drift av SFE Naturgass AS i 2008. I 2010 la dei ned all sin aktivitet og overdrog anlegg og kundeavtalar til Gasnor AS.

Hausten 2013 varsla Frislid konfeksjonsfabrikk at dei kom til å slutte som gasskunde før jul på grunn av omlegging av drifta. Det førte til at Gasnor AS sa opp avtale om levering av naturgass til dei gjenverande kundane frå 22.01.2014. I samråd med kundane, valde Eid Fjordvarme KF å kjøpe forsyningsanlegget frå Gasnor AS og inngjekk avtale med Fjordvarme AS om å drifte anlegget vidare. I 2014 har det vore 12 gasskundar. Ole Ivar Brekke har teke seg av den tekniske drifta mot kundane.

Vidare drift:

Det er no klart at drifta også blir vidareført i 2015. Tiltak for å optimalisere drifta teknisk og økonomisk, vert vurdert løpande.

Eid kommune føreset at kundebetalinga dekker driftsutgiftene og at det av omsyn til klima- og miljø, går mot innblanding av biogass i framtida. Biogass og naturgass har tilsvarande eigenskapar og nytte. Avgifta til staten er lågare enn for naturgass.

I langsiktige planar kan leveranse av naturgass til bil og buss kan vere ei god løysing. Bruk av naturgass til transport er pr. dato ikkje stort i dag, men over tid kan dette bli er svært aktuelt. Prisen på naturgass til drivstoff ligg vesentleg under bensin og diesel og medfører mindre

utslepp av klimagassar. Ein fyllestasjon vil vere til stor hjelp for drifta av anlegget, då ein vil få eit jamnare forbruk gjennom året.

Kundekontakt:

Fjordvarme AS inngår avtale med kundane og har ansvar for kundekontakt og fakturering.

Kapasitet:

Kapasiteten til fordamparanlegget på terminalen i Øyane er avgrensa. Investeringa med ny fordampar er Eid Fjordvarme KF si utfordring. Eid kommune føreset at investeringa må vere forsvarleg økonomisk gjennom auka inntekter frå sal av naturgass. Eid Fjordvarme KF skal drifte anlegget til sjølvkost, men kan ikkje subsidiere gasskundane.

Eksterne oppdrag

I 2014 har Fjordvarme AS hatt oppdrag med rådgjeving og prosjektleiing i Ulsteinvik, Førde og Geiranger, i tillegg til ein del mindre oppdrag.

Miljøfokus

Det er innført krav til energimerke ved omsetning av bygningar. Dei som brukar fjordvarme til oppvarming, kjem godt ut av dette. Det same gjeld bedrifter som vil miljøsertifisere seg. I tillegg oppfyller fjordvarme forskriftskrav om fornybar energi i nybygg.

Vi har også planar om å gjennomføre miljøsertifisering i Fjordvarme AS i 2015.

Eid kommune- klimaspydspisskommune

Zero har valt Eid kommune til ei av 6 klimaspydspisskommunar i landet. Desse kommunane skal vere eksempel og føredøme for resten av landet. Fjordvarme AS bistår Eid kommune med arbeid knytt til dette, noko som er god marknadsføring både av Fjordvarme AS, Eid kommune og næringslivet i kommunen. I mai 2015 heldt Zero eit prosjektmøte for klimaspydspisskommunane i Eid.

Energikompetansesenteret AS (EKS)

Ved Eid vidaregåande skule er no EKS etablert i nye lokale. Senteret skal ha kompetanse på ulike typar fornybar energi og legg grunnlag for eit positivt samarbeid mellom verksemder i

regionen. Også for Eid vidaregåande skule, som har vore ein pådrivar for å få senteret på plass, er denne satsinga viktig.

Eigarskap

Fjordvarme AS har i fleire år vore eigd av Eid kommune som hovudeigar, med 98 % av aksjane. I tillegg har Riksheim Consulting AS og Nordplan AS hatt små eigardelar.

Eid kommune har tidlegare gjort vedtak om å selje seg ned til 34 %. I 2014 har dagleg leiar Magne Hjelle kjøpt 10 % av aksjane frå Eid kommune.

Styre

Følgjande personar sit no i styret i Fjordvarme AS:

Margot Åsebø, styreleiar

Sigmund Vereide, styremedlem

Ivar Bjarte Nord, styremedlem

Tilsette

Vi er no tre tilsette i Fjordvarme AS:

Magne Hjelle, dagleg leiar

Lars Ivar Kjesbu, prosjektingeniør

Berit Ness, økonomimedarbeidar

Kontaktinfo

Fjordvarme AS, Nordfjordeid Næringshage, Postboks 181,6772 Nordfjordeid.

Telefon: 908 26775, E-post: magne.hjelle@fjordvarme.no

Heimeside: www.fjordvarme.no



Vi ønsker alle

GOD JUL OG GODT NYTT ÅR!

Fjordvarme AS

Magne Hjelle